

vestlandslan

NR 1. 1981

16. ÅRGANG

VESTLANDSFA'N

Organ for studentmållaget i Bergen

Ansvarlege: Else Berit Eikeland

Dag Ingebrigtsen

Audun Skjervøy

Per Arne Tveit

Adresse: Boks 115, 5014 Bergen-Univ.

Dialektaksjonen 1981

BRUK DIALEKTEN OVER ALT

Dei aller fleste menneska her i landet snakker ein dialekt. Det er det naturlege talemålet, og er ein del av oss sjølv. Kjerna i dialektaksjonen er at alle folk skal få snakka dialekten sin fritt, og at dialektane skal verta rekna for det fullverdige språket som dei er.

Haldningane til dialektane har endra seg i positiv lei dei siste åra. Både popgrupper, visesonggarar og forfattarar bruker dialekten sin i større grad enn tidlegare. Dette er gledeleg, og det syner at det nyttar å driva med dialektarbeid.

I år er hovudemnet for aksjonen språket i massemedia med særleg vekt på barnefjernsynet. Språket i massemedia har stor påverknadskraft, og folk normerer gjerne talemålet sitt etter det dei høyrer i massemedia.

Det er lettare å påverka barn enn vaksne, for barn har færre motforestillingar. Når programma på dialekt og nynorsk er på rundt 17% av barneprogramma, seier det seg sjølv at barn oppfattar den herskande språkforma, bokmålet, som betre og rettare enn all anna språk. For å hindra at slike fordommar om "bra" og "mindreverdige" språk brer seg, så

må NRK senda mykje meir stoff med språkform og miljøskildring frå andre delar av landet.

Akkurat no er det viktig å retta søkjelyset på språkbruken i NRK, for eit utval (Sørebø-utvalet) oppnemnt av kringkastingsjefen har nettopp lagt fram n, reglar for språkbruken. Utvalet har foreslått dialektar ikkje skal brukast på riksneyet og heller ikkje i nyhetssendingar i distriktsprogramma. Medarbeidarane skal halde seg til "dei vanlegaste formene" innanfor den offisielle rettskrivinga. Dette må vi gå i mot, og i staden krevja at alle må få rett til å bruke dialekt i NRK. Dessutan er det viktig å slå fast at reglane for språkbruken i NRK må avgjerast av Stortinget og ikkje av sjefane. Landsmøtet i NMU-80 vedtok "Snakk dialekt" som hovudparole for aksjonen, og at dialektnemda skulle vere ei sjølvstendig politisk nemd som sjølv skulle fastsetja aksjonsgrunnlaget. Ni organisasjonar vart med i dialektnemda, men nokre av desse har sida trekt seg. Stridsspørsmålet har vore om organisasjonane skulle få høve til å nytta bokmål i det dei skriv t.d. i dialektavisa. Eit anna stridsspørsmål som har vore mykje diskutert innam NMU, er om parolen for dialekt-

Framhald s. 4

Gula Tidend

Fram for dialektane!

Dette er det første nummeret av Vestlandsfa'n som kjem ut på tre år. I 1978 vart denne avisa oppgaven - det var både tidkrevjande og dyrt å gje ho ut, og det tok til å bli lite folk som var villige til å arbeide med avisa.

Studentmållaget i Bergen - som er utgjever - har begynt å segle i medvind att, og ein følgje av framgangen er dette nummeret av Vestlandsfa'n.

Avisa kjem ut i samband med dialektaksjonen, og temaet for dette nummeret er dialektar og dialektundertrykking.

Norsk Målungdom har gjennom fleire år markert seg som ein ihuga forkjempar for auka bruk og respekt for dialektane. Desverre ser ein enno så alt for ofte at folk ikkje held på sin eigen dialekt - dei normerer til bokmål. Likeisn er det alt for mange fordommar mot somme dialektar i Noreg - særleg er bymåla og dialektar på Austlandet utsette for denne forma for dialektundertrykking. Det er ei viktig oppgåve for målrørsla å syne at alle dialektar er like gode - alle har same rett til å bruke sitt eige mål - utan omsyn til kva del av landet dei kjem frå.

Ein viktig del av dialektarbeidet er å syne koss bokmålet fungerer som talemålsnorm og dialektundertrykkjar. Det bokmålet som er utbreidd i aviser og kringkasting i dag har lite med talemålet til folk flest å gjera. Bokmål har prestisje som talenorm, og bokmålspresset folk møter i massemedia fører til at folk medvite begynner å normere, eller at dei umedvite tar opp bokmålsformer i dialekten.


Ungar er i ein fase av livet der dei lett tar opp nye språkformer. Difor er der svært viktig å rette søkelyset mot barne-TV og språket der. Ei undersøking som er gjort nylig viser at det er meir svensk enn nynorsk og dialekt i sendingane for ungar. Dette er hårreisande, og ei viktig oppgåve for folk blir å ta del i kampen mot denne språkundertrykinga av ungar.

Mot bokmålet og for dialektane vil vi reise det nynorske skriftspråket. Nynorsk byggjer på dei norske dialektane, og vi finn her former som vi er vane med frå vår eigen dialekt.

Dialektfrigjering og arbeidet for det nynorske skriftspråket går hand i hand. Arbeid for nynorsk fører med seg arbeid for dialektane, og arbeid for dialektane fører med seg arbeid for nynorsk.

SNACK DIALEKT - SKRIV NYNORSK

A.S.



Skole- og studieservice

Dersom du set inn lånet frå Statens Lånekasse på konto i Vestlandsbanken får du 5% rente og kan dessutan nytta deg av desse tilboda:

FORSKOTSLÅN

Når søknad er send Lånekassen i rett tid, kan vi gi opptil kr. 5000,- i forskotslån. Lånet skal betalast tilbake når pengane frå Lånekassen kjem.

TILLEGGSLÅN

Dersom lånet frå Lånekassen ikkje strekk til, kan vi tilby tilleggslån på opptil kr. 5000,- pr. år i inntil 3 år i siste halvdel av studietida.

ETABLERINGSLÅN

Behovet for lån etter endt skolegang er vanlegvis stort, til etablering av ny heim eller eiga næringsverksemd. Ved vurdering av søknad om slike lån vil banken ta omsyn til kva kundeforhold du har hatt til banken i studietida.



VESTLANDSBANKEN

Bergen - Fjærland - Florø - Frekhaug - Høyanger - Indre Arna - Isdalstø
Kinsarvik - Kleppstø - Lofthus - Lonevåg - Nå - Os - Oslo - Sogndal
Stord - Vadheim - Ytre Arna - Øvre Eidfjord - Øvre Årdal

LANDSMØTET I NMU 1981

DIALEKTARBEIDET I SENTRUM !

Landsmøtet i Norsk Målungdom (NMU) var samla på Nærbø 20 - 22 mars og samla ca. 100 deltakarar. Hovudemnet på dette landsmøtet var dialektarbeidet, og det var natuleg at det var dette som samla den største interessa. Dette særleg fordi det før landsmøtet gjekk føre seg ein hard debatt både i den interne og den eksterne pressa om taktikk, samarbeidsformer og kva det var viktigast å stri mot i den landsomfattande dialektaksjonen som går av stabelen veka 30/3-4/4. Det var særleg to ting det her stod strid om: Skulle den sentrale dialektnemnda i Oslo, som har som oppgåve å samordne dialektaksjonane på landsplan, for framtida stå som ein sjølvstendig organisasjon utanom målrørsla, eller skulle nemnda fungere som eit organ der dei ulike organisasjonane som slutta seg til utveksla idear og samordna materiell utan å bitte seg til ei bestemt plattform?

Det andre det stod strid om, var om det var viktig å peike ut bokmålet som hovudundertrykkar av dialektane, eller late det vere.

Ein hadde såleis venta at det skulle kome til harde tak kring desse spørsmåla på landsmøtet, særleg under utforminga av dialektpunktet i arbeidsprogrammet for det nye arbeidsåret. Ein slik hard strid kom likevel ikkje og det blei tidleg klart at det blei arbeida med eit dialektpunkt som kunne samle landsmøtet. Sjølv grunnlaget for eit slikt samlande punkt blei lagt gjennom den eine hovudinnleiaren på møtet, Kristian Hanto, si innleiing. Han stod også som underskrivar på det framlegget som først redaksjonsnemnda og seinare landsmøtet kunne slutte seg samrøystes til.

Det nye dialektpunktet i arbeidsprogrammet innheld ei klar presisering av korleis dialektarbeidet skal organiserast og kva det er viktigast å rette skytset mot i aksjonane framover. Det blir m.a. slått fast at:

"Dialektane blir haldne nede av tala bokmål, eit talemål retta etter skriftmål og utan grunnlag i folkeleg talemål. Derfor må striden reisas mot denne undertrykkande funksjonen til bokmålet, og ei allmenn oppvurdering av dialektane må vera grunnlaget for denne striden. Ved sida av dette må NMU og stri mot tilslørande språkbruk. Døme på slik språkbruk er bruk av framandord, faguttrykk og abstrakt språkbruk for medvete eller umedvete å tilsløre innhaldet i det som blir sagt. Grunnlaget til NMU ligg i at dialektane og det nynorske skriftmålet er ein politisk einskap. Dette synet ligg under alle målpolitiske vurderingar NMU gjer, så og i dialektarbeidet"

Vidare heiter det om samarbeid med andre organisasjonar:

"Sentralt skal NMU gå inn for ei breidt samansett dialektnemnd som skal vera eit samordnande organ for dialektarbeid i ulike organisasjonar. Organet må vera ein stad for utveksling av målpolitiske syn og idear, der ein ser om det er grunnlag for fellesmateriell, utan at samarbeidet må stå og falle med dette. Ei slik dialektnemnd må vera ein kjelde til inspirasjon, både for målorganisasjonane og for andre organisasjonar som har mindre erfaring med målarbeid. Utover dette bør dialektnemnda samordne aksjonen i tid, men la kvar organisasjon drive dialektarbeidet på sin eigen måte."

Dialektpunktet skulle såleis vere eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med dialektane, og vere med på å gravleggje den striden som vi til no har hatt kring den sentrale dialektnemnda.

I arbeidsprogrammet blei det elles slått fast at NMU til hausten skal gjennomføre ein skulemålsaksjon der hovudvekta skal leggjast på arbeidet med å få skuleungdom til å vélja og halda på nynorsken. Det skal også i september skipast til ein landskonferanse i Trondheim for elevar og målungdomar. Her skal ein leggje vekt på å diskutere opplæringsmålet i den vidaregåande skulen og samordne ein landsomfattande aksjon seinare på hausten.

Landsmøtet vedtok elles resolusjonar mot m.a. Søre-bø-innstillinga og mot språkbruken i barneferjensynet. Det blei også vedteke ein resolusjon til støtte for samiske rettar.

Som ny leiar i NMU blei Aud Søyland valt.

D. I.





Laila Thuestad, Student, Karmøy

-Kva slag forhold har du til dialekten din?

-Eg har vorte meir bevisst i det siste. Ja, faktisk det siste året. Dialekten min har vorte påverka av austlandsmål ved at eg har hatt kameratar frå Austlandet og og justert dialekten og ordbruken etter dette.

At eg no freistar å gjennomføre dialekten min betre, kjem av at folk byrja å lure på kvar eg høyrde heime. Elles trur eg dialektbruk har å gjere med personleg styrke. Dei som er sikre på seg sjølve gjennomfører dialekten konsekvent, medan dei som ikkje er fullt så trygge kanskje er lettare å påverke.

-Trur du dialektaksjonar kan hjelpe på desse problema?

-Ja kanskje, men slagordet som de har er vorte ein klisje. I staden for "Snakk dialekt - skriv nynorsk", kunne de seie noko slikt som "Bruk ditt eige mål!"



Martin Birknes, televerkarbeidar. Birknesøy.

-Har dialektaksjonen nokon verdi?

-Ja, det har han heilt sikkert. Folk får kanskje ein liten, tiltrengd oppkvikkar. Dialektaksjonane er viktige for å halde liv i målarbeidet og for å komma ut til folk, men målfolket må passe seg så dei ikkje blir alt for trongsynte.

-For min eigen del kan eg seie det slik at eg tek hatten av for dialektaksjonen. Og nynorsken, ja den er fin som snus!



FRÅ S.4.

aksjonen skal vera "Snakk dialekt", eller "Snakk dialekt - skriv nynorsk". Dei som går inn for "rein" dialektaksjon, meiner at nynorskparolen verkar innsnevrande, og set stengsler mot grupper som lir under dialektkuinga, men som ikkje kjenner det nynorske skriftmålet som sitt. Motstandarane av denne lina peiker på at det er bokmålet som verkar undertrykkjande på folk, og at den språklege frigjeringa aldri vil kunne verta verkeleg før folk vart medvetne om dette og tek det nynorske skriftmålet i bruk.

Studentmållaget i Bergen har vedteke å halda på parolen "Snakk Dialekt - skriv nynorsk".



Ole Stendal, student og deltidsarbeidar, Bergen.

-Kvifor er dialekten så viktig for deg?

-Det har noko med min identitet å gjere. Det er godt å ha ei heimekjensle, og dialektbruk kan vere med på å styrke denne.

-Kva slag skriftspråk held du deg til?

-Eg skriv bokmål. Det er mest naturleg for meg, men eg brukar medvite nynorskord som meg, eg, ikkje, fordi desse passar med min dialekt.

Vestlandsfaen har snakka med Helge Bjørlo, som sit i dialektnemda her i Bergen.

- For det fyrste, kven er med i dialektnemnda for bergen?
- BUL, Ervingen, Fana Målungom, Studentmållaget ved lærarskulen og Studentmållaget er med i dialektnemda. Det har vore eit bra samarbeid, og det er viktig å samarbeida med andre lag for å nå meir utover.
- Kvifor vil Studentmållaget halda på dialektparolen frå -79 "Snakk Dialekt - skriv nynorsk"?
- Studentmållaget tykkjer at det er naturleg å trekkja inn skriftmålet i ein dialektaksjon for å syna samanhengen mellom dialektane og det nynorske skriftmålet. Det er også viktig å slå fast at bokmålet er hovudfienden til dialektane. Folk normerer dialekten sin etter bokmålet. Språkleg frigjering kan aldri oppnåast før folk tek nynorsken i bruk. Arbeidet for dialektane og nynorskem heng uløseleg saman.
- Kan du kort fortelja kva som skal skje under dialektaksjonen?
- For det fyrste vert det plakatkjøp utanfor posthuset i byen på torsdag og laurdag. Me har laga til eiga flygeblad for aksjonen her i Bergen. Dessutan vil dialektnemda skipa til eit stort festmøte på laurdagskvelden i Ervingen. Me har laga til eit bra program med m.a. visesongaren Atle Hansen. Til slutt vil eg oppmoda alle studentar om å stø dialektaksjonen -81 aktivt, seier Helge Bjørlo og spring på dialektmøte.

E.B.E.